

OLAV SNORTHEIM

Langeleik



nrk

OLAV SNORTHEIM

Olav Snortheim vart fødd på Midtre Snortei (87/3) i Røn i Vestre Slidre 9. april 1911. Garden er den eine av tre Snorteisgardar, som alle ligg høgt oppe i åsen på austsida i Røn. Faren, Ola Snortheim (1878–1973), var odelsgut, og spelte hardingfele. Mora Ragnhild (1881–1973) var frå Nordviste, lengre nede i bygda, og spelte langeleik. Dei fekk fire born: Knut i 1907, Ivar i 1909, Olav i 1911, – og Marit i 1922. Knut overtok garden, men dreiv også som sløydlærar. Han spelte hardingfele og var ein frami frå rosemålar. Ivar var offiser og lokal leiar av Heimefronten under krigen, Marit var lærar, som det også hadde vore fleire av bakover i slekta.

Olav lærte langeleikspel av mora Ragnhild. Ho hadde lært av Kari Rudi Braute (1845–1916), frå Øyebogdn vestafor fjorden i Røn. Kari var ein kjend utøvar på langeleik, med konsertar både her i landet og i Amerika, der ho døydde. Mellomnamnet sitt hadde ho frå Røe i Øystre Slidre, der faren kom frå. Det meste av langeleiktradisjonen på 1900-talet kan sporast dit. Øystein Øysteinsson Rudi, som gjerne blir rekna som far til den moderne langeleiken var frå eine garden, Guri Hegge var frå den andre, og far til Kari var frå eit tredje bruk. Både spelteknikken og utforminga av instrumentet er påfallande likt hjå alle som kan føre tradisjonslinene sine tilbake til Røe, og det er grunn til å plassere også Olav Snortheim i denne tradisjonen.

Men han gjekk også sine egne vegar, og det alt i ung alder, i følgje det han sjølv fortel i eit brev til Rolf Myklebust i mai 1958: «Dei endringane eg har gjort med langeleiken er 30 år gamle, og kom fram på den tid da eg enda var upåverka av vår tids allhånde harmonioppfatningar». Tredve år før 1958, det blir omtrent då han tok sin fyrste fyrstepremie i langeleikspel. Det var som sekstenåring på ein kappleik i Ulnes, fortel Knut Hauge. Olav fortel elles at det var broren Knut som laga langeleik åt han, og det gjorde han som «næming» 17 år gamal. Han «var ulært den gongen. Likevel er min langeleik eit meisterverk, i form, dimensjon, klang og bruk av trevyrkje.» Knut var fødd i 1907, så alt dette tyder på nokre sterkt formande år på midten av 1920-talet. Olav og Knut spelte også saman, langeleik og hardingfele, også til dans.

Eldre langeleikar var heilholva av eitt stykke ved, og hadde såleis ikkje botn, og dei hadde ganske jamn noterekke utan klar inndeling av heile og halve tone-trinn. Øystein Øysteinsson Rudi laga langeleikar ved å lime saman sider, slik at leiken fekk botn, og nota opp ein durtoneskala. Snortheimsmodellen følgjer dette, men har dessutan kromatiske halvtonesteg og dobbel melodistreng.

Halvtoneane hadde vore brukte sidan århundreskiftet, fortel Olav i eit brev til Rolf Myklebust i 1958, og han er klar i sin dom: «Det er stort sett eit mislykka tiltak.»



Olav Snortheim
under opptak i NRK-
studio i april 1973.

Denne 12-toneskalaen reknar han som resultat av eit ynskje om fastare avstemt toneavstand enn dei som var i bruk på dei gamle svævande skalaformene si tid. «Dei uendeleg mange ulike skalaformer på gamle instrument fortel tydeleg nok om ein slump, søking eller leiting, om bra eller dårlege instrumentmakarar», skriv Olav Snorheim.

«Halvtonane på langeleiken er altså ikkje mitt påfunn», skriv han i 1958. «Men eg er vel den einaste som har funne nytte i dei når dei fyrst var komne der», legg han til. «Det er mogleg å bruke dei ved omstilling til andre tonearter. På det vis kan langeleikens register nyttast betre, men framleis halde seg i ramma: Modulasjon forbode.» Det siste er vel ei helsing til Boris Borisoff (..), som var i ferd med å konstruere langeleikar som skulle kunne skifte toneart. «På langeleik kan ein ikkje modulere frå ei toneart til ei annor. Den faste underlagde klangen frå harmonistrengen forbyr strengt dette», skriv Olav Snorheim.

«Min spesielle forbedring i langeleiken ligg i den niane strengen», fortel han vidare i brevet frå 1958, «den forsterka melodistrengen som gjev melodien større fylde i forhold til den underlagde harmonien, – og som gjer dobbeltspel mogleg. Merk: det er skilnad på dobbel melodistreng og streng over halvnotane. Eg kan altså spele to-stemt på min langeleik utan å nytte halvtonane.»

Snorheim'sleiken har såleis ni strenger: «to melodistrenger som baa er stemte i a, dei andre i a a e a ciss a e. Leiken er stemt etter mitt eige prinsipp, etter sterkt tradisjonsbunden tonekjensle saman med gamle

naturbundne tonar. Den er ikkje temperert i vanleg tyding, sjølv om det ser ut so», skriv han. Det er også interessant å merke seg korleis han forklarar den spesielle måten han brukar leiken på i «Juleskreia»: «Juleskreia er spelt i F-dur, der ein auka kvart delvis gjer seg gjeldande (f g a b/h c).»

Langeleikspelet til Olav Snorheim utmerkar seg med ei teknisk svært avensert venstrehand. Repertoaret er ei blanding av tradisjonelle langeleik-låttar, låttar han har ført over på langeleiken frå andre instrument, og låttar han har teke frå nedskrivne notemateriale.

I 1938 spelte han inn 19 låttar på langeleik i NRK. «Far spilte i Folkemusikkhalvtimen for å finansiere klassisk musikkstudium, Konservatoriet og opera-sang» fortel dottera Rannveig.

Dette er eit blad i livet hans som han tala lite om, og som er lite kjend. Eit lite innblikk gjev dagboka til ungdomsvenen, forfattaren Knut Hauge (1911–1999). Han hadde vorte kjend med Olav Snorheim på framhaldskulen, og nemner han ofte i dagboka si frå 1930-talet. 11. desember 1932 skriv han om ein Bjørnson-fest på Slidretun, med sang av den verdskjende operasongaren Bjørn Talen (1890–1945): «Men det gildaste var for meg var då Olav Snorheim song eit par singlar. (..) Han er ein kunstnar av Guds nåde». 28. april 1934 skriv han på nytt om Olav Snorheim: «Han hadde vore i Oslo i vinter og snakka med Erpekum Sem. Og han hadde vorti veldig oppglødd for røysti hans! (..) Han ville undervise han og moderere prisen til det halve.» Og 27. mars 1935 : «Olav

Snorheim er i Oslo i songlære.» Om det var hjå Arne van Erpekum Sem (1873–1951) står det ikkje noko om, men det er vel truleg. I minneordet frå 1988 skriv Knut Hauge om Olav Snorheim at «Han nådde fram til ein konsert i Slidre kyrkje, saman med Erling Krogh» (Erling Krogh (1888–1968) var ein dei fremste norske operasongarane i mellomkrigstida). Men så kom krigen og okkupasjonen, og «Det vart den endelege dødsdomen over framtidsplanane hans for song, og eg trur det var det største vonbrotet han hadde i ungdomen». Me veit vidare at han fleire gonger song i Valdreslaget i Oslo så seint som 1940 og 1941. Det var før dei frilynde ungdomslaga vart sette under kontroll av styremaktene, og før konsertforbodet frå Heimefronten (oktober 1943), så det skulle vera uproblematisk.

Hausten 1946 heldt komponisten Eivind Groven (1901–1977) konsertar i Trondheim og Oslo, med Olav Snorheim som solist. Han blir omtalt som «en ubearbeidd natursanger med et praktfull stemmemateriale.» Dette er likevel det siste å finne om Olav Snorheim som operasongar utanom det heilt lokale. Frå 1947 opptre han som folkemusikar, fyrst og fremst langeleikspelar.

I biografien til Knut Hauge i 1966 er det konsertane og særleg utlandsferdene han sjølv legg vekt på. Den første utanlandsferda gjekk til Praha i 1947. Han var den eine av ein to-manns kulturdelegasjon til ei verdsungdomsstemme, der ikkje mindre enn 57 nasjonar var med. I 1948 deltok han i ein stor internasjonal konkurranse i Llangollen i Wales, der 21 nasjonar tevla

og Olav Snorheim fekk fyrsteprisen, skriv Knut Hauge. I 1950 hadde den internasjonale folkemusikk-institusjonen Pro musica ein stor kongress i Lund i Sverige, der Snorheim og langeleiken gjorde stor lykke. Dette resulterte seinare i radio- og fjernsyn-program i Sverige og dessutan ein turne i Tyskland. Han fortel også utførlig om oppdraget som jury-medlem ved eit storstemne i Warszawa i 1955. I Danmark hadde han fleire turnear i høgskolane og i Foreningen Norden.

I 1953 og ei tiårs periode var han fast ved Fest-spela i Bergen, med eige program og ensemble. Her var han også med på oppsetjinga «Dans ropte fela», både i Bergen og på den omfattande turneen fyrst i USA i 1960, seinare i Danmark, Tyskland, Holland, Belgia, Frankrike, og England som scene- og TV-framføring. Han var også med då oppsetjinga vart sett opp på Det Norske Teateret i Oslo, «40 gonger for fulle hus».

I 1962 sette Det Norske Teateret opp Peer Gynt, som i Tormod Skagestads regi vart ei romantisert og slående ny oppsetjing. Der vart korkje Griegs eller Sæveruds musikk nytta til stykket, det skulle vera autentiske tonar frå Per Gynts heimtrakter, både til Hægstadbryllaupet, og til møtet med seterjentene og den Grønnekledde, og ikkje minst i Dovregubbens hall. Det vart då sjølsagt spørsmål etter slike karar som Sibgjørn Bernhoft Osa og Olav Snorheim.

Han nemner elles dei mange turneane i skolane i Oslo, dessutan Bergen og Trondheim, turnear for Rikskonsertane i mange år over heile landet og også noko i Folkeakademia.

I radio hadde han spelt både i Norge, Sverige, Finland, Danmark, England, Tyskland, Nederland, Estland og Amerika.

Rolf Myklebust fortel i boka «50 år med folkemusikk» at Olav Snortheim frå 1953 til 1973 årleg spelte for opptak til folkemusikkhalvtimen, og legg til at han også kunne blåse på seljefløyte, bukkhorn og lur. Olav Snortheim laga fleire radioprogram i serien «Spelemenn i norsk folkemusikk», der han presenterte dei gjevaste langeleikspelarane i Valdres med fortelling og spel. I somme høve brukte han langeleik med gammal skala, fortel Myklebust.

Han fekk mange prisar og utmerkingar med åra, skriv Knut Hauge i minneordet i 1988. Han fekk avisa Valdres sin kulturpris i 1966 og livsvarig kunstnarløn frå Staten, men den utmerkinga som han var mest glad for, og sette aller størst pris på, var nok den livsvarige æresløna han fekk frå dei seks Valdreskommunane, skriv Hauge.

Olav Snortheim gifta seg i 1944 med Gyda Vigerust (1912–1989) frå Ringeby. Dei busette seg på Fåberg fram til 1950. Då flytta dei til garden Solbrå på

Harpefoss og budde der fram til 1963. Dei bygde seg då hus i Sør-Fron.

Barn: Ida Ragnhild født 1944, Eva Elise født 1947, Rannveig født 1950 og Ola født 1954. Ola var ein svært anerkjend trommeslager og musikar på 1980/90-talet. I 1986 gav han ut «Langsomt mot nord» der han brukte opptak av faren både på langeleik og bukkhorn.

Olav budde dei siste åra sine i eit lite hus han fekk sett seg opp på Harpefoss. Der var han på 1950- og 1960-talet fast gjest på nordiske sommarkurs for lærarar på Gudbrandsdalens folkehøgskule, og han var også brukt av styrar Are Stauri (1912–1970) på vinterstid. Han spelte og fortalte med stor innleving, fortel sonen, Rasmus Stauri. Det er nok likevel ikkje til å koma frå at Olav Snortheim vart ein litt framand fugl i folkemusikkmiljøet, både i Gudbrandsdalen og i Valdres.

Heime på Harpefoss var Olav Snortheim i nokre år dirigent for Fossegrimen sangkor, og der song han operaarier med koret bak. Han døydde 2. februar 1988, og er gravlagd på Røn kyrkjegard.

Kjelder

Arkivet etter Olav Snortheim, VFF 473, Opplandsarkivet, Valdres Folkemuseum
Hauge, Knut, 2003: Diktardraum. Dagbok 1931–1940, Vestre Slidre
Myklebust, Rolf, 1982: Femti år med folkemusikk, Oslo.

Valdres bygdebok band VI, 1968, Leira.
Avisa «Valdres», Fagernes
Wikipedia
Aftenposten, elektronisk arkiv
Muntlege opplysningar:
Familien
Rasmus Stauri

Plateinnspelningar

3 EP plater (jfr Ola Snortheim) samleplater for folkemusikk
Langsomt mot nord i 1986 saman med sonen Ola
Tusseliten og trippeliti Agnes Buen Garnås med to spor på langeleik

SLÅTTEOMTALE

01. **Kjerringa i snødrevet, halling frå Valdres**

Låtten er ein enkel variant av Fanitullmotivet som finnst i mange variantar. Olav sin form er utbygd og variert!

02. **Annonsering ved Olav Snorheim**

03. **Galopp etter Sjøheimguten**

Dette må me tru er hardingfelespelemannen Knut Bendikson Sjøheim, (1849–1908) frå Fauskegrenda i Røn i Vestre Slidre. Han reiste til Amerika i 1877, og vart vidgjeten for spelet sitt der. Låtten er mykje brukt på fele og går under namnet «Vår i Bamseli», som mellom anna Torleiv Bolstad (1915–1979) spela.

04. **Olav Snorheim fortel om Gravferdsalmen**

05. **Gravferdsalmen åt Joma, springdans**

Historia om mannen som hulla denne i gravferda åt kjerringa si er spelt i alle Valdresbygder. Anna Fuglesteg song den slik: All den kjærlegheit e te de bar, san, ja det va fjorten år o femten da:r, san, men nu er den for-gangen, uti aftensangen, sudderi dudderi damdi.

06. **Sylkjegulen, springdans**

Dette er ein populær felelått som Olav Snorheim meisterleg har overført til langeleiken. Slåtten er knytt til Bendik i Nøen og Ola Okshovd og namnet er også nytta på låtten Slidringen.

07. **Halling frå Telemark, etter Lars Rekve**

08. **Gamal ril**

Dette er ein form av den utbreidde slageren «Soldiers joy», som fleire spelte og song i Valdres. Låtten er ofte kalla Hestetrampen.

09. Huldreleinlender

Denne låtten spelte Olav og i lag med bror sin Knut Snorheim, (1907–1986), som spelte hardingfele. Låtten, som Knut kalla Huldreleinlender, hadde dei etter faren Ola (1878–1973). Han hadde den etter Torstein på Støle, (Rønstølen, 1822–1905), som hulla han. Olav har utforma slåtten på sin måte som høver speleteknikken på langeleiken.

10. Rengja, springar

Ein av dei mange springarane som blir tillagt meisterspelemannen Jørn Hilme (1778–1854) frå Ulnes. Rengjene var særleg vriane låttar å spele, med triolar og ristetak med bogen. Også på langeleik krev dei ein god teknikk og stø kjensle for takt og rytme.

11. Rolf Myklebust intervjuar Olav Snorheim om USA-tur og Kari Braute

12. Halling etter Kari Braute

Kari Rudi Braute (1845–1916) var stor langeleikstjerne og reiste på spelferdar, m.a. til Amerika. Ragnhild, mor hans Olav lærde spel av henne og gav det vidare til son sin. Kari er soleis ein av dei viktigaste kjeldene for Olav.

13. Olav Snorheim fortel om Kari Braute og langeleiken hennar i USA

14. No må du slå det leug og mjuk, springar

Denne utforminga av ein utbreidd springar på langeleik er meisterleg utført.

15. Olav Snorheim fortel om Ragnhild Berge og slåtten Gamle basen

16. Gamle Basen, lyderslått etter Ragnhild Berge

Den legendariske Knut Nystuen (f.1804) var stogemann på Nystuen. Han var svært glad i folkemusikk, og særleg skulle han sett pris på denne låtten. Også Barbro Myhre (1893- 1978) frå Vang spelte den.

17. **Kanafarten, galopp frå Valdres**

18. **Olav Snorheim fortel om Trollhalling**

19. **Trollhalling frå Telemark**

20. **Myllargutens meisterstykke, halling**

Myllarguten, Torgeir Augundson er sentral i utforminga av hardingfelespelet i Telemarkstradisjon.

21. **Olav Snorheim annonserer Gufs frå fjellom**

22. **Gufs frå fjellom, galopp etter Torger Iverstuen**

Felespelaren Torger Iverstuen (1880–1974) var frå Skåbu i Gudbrandsdalen. Han komponerte meir enn 150 slåttar og songar og fekk statsstipend for å samle folketonar.

23. **Bruremarsj frå Valdres**

Denne låtten har henta element og motiv frå dei mange klukkelåttane som vert spela på hardingfele og langeleik i tradisjon frå Valdres.

24. **Olav Snorheim fortel om Kjempedansen**

25. **Kjempedansen, halling etter Ragnhild Viken**

Ragnhild Olsdatter Viken (1778–1869) var ei av dei største kjeldene for L. M. Lindeman då han reiste på samlarferd til Valdres i 1848. Han skreiv opp 11 langeleiklåttar etter ho, m.a. Kjempedansen. Olav spelar her på ein gamal langeleik som han truleg lånte av Johan J. Halden (1884–1979), oldebarnet hennar Ragnhild.

26. **Olav Snorheim fortel om Kari Braute og Langeberglåtten**

27. Langeberglåtten, lydarlåt etter Kari Braute

Segna om huldra som sto på Langeberg ovafor Bagn og lokka menigheit og prest ut or kyrkja er ei perle blant langeleiklåttane.

28. Velkomen att frå Beitogardo, halling

Kor Olav hadde denne særmerkte låtten frå, veit me ikkje. Han er einaste kjelde for denne populære hallingen.

29. Galopp, etter Ola Fystro

Lært av faren Ola K. Snortheim eller Ola Fystro.

30. Olav Snortheim fortel om Juleskreia

31. Juleskreia, springar

Låtten skildrar Joleskreia, åsgårdsreia, haugafolk eller Immerkølludn, som dreg heim frå jolegjestebod på 13. dag jol! Her bruker Olav alle dei verkemidleane han hadde funne for å variere og vidareutvikle langeleiken: Dobbeltgrep på melodistrengane, kvarten som grunn tone og ein glitrande spelteknikk! Innspeling vart gjeve ut på NRK si EP-serie med norsk folkemusikk.

32. Olav Snortheim fortel om nisseslåttene

33. Nissedans frå Valdres

Ola Brenno (1865–1957) skal ha sett dette namnet på låtten som er kjent som «Låtten den Vonde plistra i kyrjetårnet». Olav bygde den vidare ut og gjorde den til ein slager! Innspeling vart gjeve ut på NRK si EP-serie med norsk folkemusikk.

NRK opptak v/ Rolf Myklebust:

19.01.1953: Spor 01, 07–09

06.05.1960: Spor 11–14

28.08.1967: Spor 21–23

19.12.1953: Spor 30–33

07.01.1963: Spor 18–20

03.04.1973: Spor 24–27

18.06.1959: Spor 02–06, 10, 15–16

12.02.1965: Spor 17

13.11.1973: Spor 28–29

OLAV SNORTHEIM


Olav Snortheim was born on the Midtre Snortei farm (87/3) in Røn in Vestre Slidre on 9 April 1911. His father, Ola Snortheim (1878–1973), was the oldest son and heir to the ancestral farm, and played Hardanger fiddle. His mother Ragnhild (1881–1973) was from Nordviste, further south in the district, and played *langeleik*. They had four children: Knut in 1907, Ivar in 1909, Olav in 1911, and Marit in 1922. Knut took over the farm, but also worked as a carpentry teacher. He played Hardanger fiddle and was an exceptional rose painter. Ivar was an officer and local leader of the underground resistance movement during the war, and Marit was a teacher; there had been several other teachers in previous generations of the family.

Olav learned to play *langeleik* from his mother Ragnhild. She had learned from Kari Rudi Braute (1845–1916) from Øybygd on the west side of the fjord in Røn. Kari was a well-known performer on *langeleik* and had held concerts in both Norway and America, where she died. She had her middle name from Røe in Øystre Slidre, where her father came from. Most of the 20th century *langeleik* tradition can be traced back to this area. Øystein Øysteinsson Rudi, who is generally regarded as the father of the modern *langeleik*, was from the one farm, Guri Hegge was from the other, and Kari's father was from a third

farm. Both the playing technique and the physical shape of the instrument are strikingly similar among all those whose tradition lines can be traced back to Røe; these are also grounds to locate Olav Snortheim in this tradition.


But he also followed his own path, starting at a young age, according to what he recounts in a letter to the host of *Folkemusikktimen* (a weekly radio show which focuses on folk music) at NRK, Rolf Myklebust, in May 1958: “The changes I have made on the *langeleik* are 30 years old, and emerged at a time when I was as yet unaffected by today's assorted concepts of harmony.” Thirty years before 1958 is approximately when he won first prize in *langeleik* playing for the first time. This was as a sixteen-year-old at a *kappelek* (a judged competition in Norwegian folk music and dance) in Ulness, relates Knut Hauge.

Older *langeleikar* were carved out of a single piece of wood and thus had no back, and they had a relatively evenly spaced row of frets which were not clearly divided into whole and half steps. Øystein Øysteinsson Rudi constructed *langeleikar* by gluing together six sides, so that the instrument obtained a back, and he arranged the frets in a major scale. The Snortheim model, made by Olav's brother Knut, follows the same guidelines, but it also has chromatic semitone steps and a second melody string.



The semitones had been used since the turn of the century, relates Olav in a letter to Rolf Myklebust in 1958, and he makes his opinion clear: "It is generally speaking an unsuccessful undertaking." He considers this 12-tone scale to be the result of a desire for a more fixed pitch distance than the intervals that were in use during the era of the old natural scale forms. "The great number of various scale forms on old instruments can be attributed to haphazardness, exploration, and inquiry, as well as good and bad instrument makers," writes Olav Snortheim.

"So the semitones on the *langeleik* are not my invention," he writes in 1958. "But I am probably the only one who has found a use for them," he adds. "It is possible to use them upon re-tuning into other keys. In that way the *langeleik's* range can be better utilised while still adhering to the framework: modulation prohibited." This last comment is no doubt directed to Boris Borisoff (...), who was on the point of constructing *langeleikar* which would be able to change keys. "On *langeleik* one cannot modulate from one key to another. The fixed underlying sound from the harmony strings



strictly prohibits this,” writes Olav Snortheim.

“My special improvement to the *langeleik* lies in the ninth string,” he recounts in the letter from 1958, “the reinforced melody string which gives the melody greater fullness in relation to the underlying harmony, – and which makes it possible to play two melody lines at the same time. Note: there is a difference between the second melody string and the string which lies over the semitone frets. So I can play two melody lines on my *langeleik* without using the semitones.”

So the Snortheim *langeleik* has nine strings: “two melody strings which are both tuned in A, the others in A E A C# A E. The *langeleik* is tuned according to my own principle, on the basis of a deeply tradition-bound sense of intonation together with old natural tones. It is not equally tempered in the usual sense, even if it appears to be,” he writes. It is also interesting to note the special way in which he uses the *langeleik* in the tune “Juleskreia”: “Juleskreia is played in F major, with intermittent use of an augmented fourth (F G A Bb/B C).”

Olav Snortheim's *langeleik* playing is characterised by a very advanced left hand technique. His repertoire is a mixture of traditional *langeleik* tunes, tunes he transferred to the *langeleik* from other instruments, and tunes he learned from transcriptions.

In 1938 he recorded 19 tunes on *langeleik* for NRK. "My father played on *Folkemusikkhalvtimen* to finance classical music studies, the Conservatory, and opera singing," relates his daughter Rannveig. In the autumn of 1946 the composer Eivind Groven (1901–1977) held concerts in Trondheim and Oslo with Olav Snortheim as a soloist. He is referred to as "an unaffected, natural singer with a splendid singing voice."

In Knut Hauge's 1966 biography it is the concerts and especially the trips abroad he attaches importance to. The first trip abroad was to Prague in 1947. He was one half of a two-man cultural delegation to a world youth gathering, at which no less than 57 nations took part. In 1948 he participated in a large international competition in Llangollen in Wales, in which 21 nations competed and Olav Snortheim won first prize, writes Knut Hauge. In 1950 the international folk music institution Pro musica held a large convention in Lund in Sweden, where Snortheim and the *langeleik* were a great success. Later on, this led to involvement in radio and television programs in Sweden and a tour in Germany. In Denmark he went on several tours to colleges and to *Foreningen Norden* (The Nordic Association).

During a ten-year period beginning in 1953, he was a regular performer at *Festspela i Bergen* (Bergen International Festival), with his own program and ensemble. He also participated in the performance "Dans ropte fela", both in Bergen and on an extensive tour to the USA in 1960, and later to Denmark, Germany, Holland, Belgium, France, and England as a stage and TV program. He also took part when the performance was staged at *Det Norske Teatret* in Oslo, "40 times for a full house."

In 1962 *Det Norske Teatret* staged *Peer Gynt*, directed by Tormod Skagestad, which was a romanticised and striking new performance with Sigbjørn Bernhoft Osa and Olav Snortheim as musicians.

He received many prizes and distinctions over the years. He was awarded the newspaper *Valdres*'s culture prize in 1966 and a lifelong artist's state grant from the government, but the distinction which he was most pleased about and valued above all was the lifelong honorary salary he received from the six municipalities in Valdres.

Olav Snortheim was married in 1944 to Gyda Vigerust (1912–1989) from Ringebu. They settled in Gudbrandsdalen.

At home in Harpefoss, Olav Snortheim was the conductor of Fossegrimen choir for several years, and he also sang opera arias accompanied by the choir. He died on 2 February 1988 and is buried at Røn churchyard.

ABOUT THE TUNES

01. **Kjerringa i snødrevet, halling frå Valdres**

This tune is a simple variant of the Fanitull motif, a theme which can be found in many versions. Olav's form is complex and varied!

02. **Commentary by Olav Snortheim**

03. **Galopp etter Sjøheimguten**

The name of the tune must refer to the Hardanger fiddle player Knut Bendikson Sjøheim (1849–1908), from Fauskegrenda in Røn in Vestre Slidre. He went to America in 1877 and became famous for his playing there. The tune is played a great deal on the fiddle and goes under the name "Vår i Bamsell", which Torleiv Bolstad (1915–1979) played, among others.

04. **Olav Snortheim discusses the tune Gravferdsalmen**

05. **Gravferdsalmen åt Joma, springdans**

The story about the man who sang this tune at his wife's funeral is played in all of the Valdres districts. Anna Fuglesteg sang it like this: All the love I bear for you, san, yes it was fourteen years and fifteen days, san, but now it is gone, in the evensong, sudderi dudderi damdi....

06. **Sylkjegulen, springdans**

This is a popular fiddle tune which Olav Snortheim has masterfully transferred to the langeleik. The tune is linked to Bendik i Nøen and Ola Okshovd, and the same name is also attached to the tune "Slidringen".

07. **Halling frå Telemark, etter Lars Rekve**

08. **Gamal ril**

This is a form of the well-known hit "Soldier's Joy", which many people played and sang in Valdres. The tune is often called "Hestetrampen".

09. Huldreleinlender

Olav also played this tune together with his brother Knut Snortheim (1907–1986), who played Hardanger fiddle. They learned the tune, which Knut called “Huldreleinlender”, from their father Ola (1878–1973). He had learned it from Torstein på Støle (Rønstølen, 1822–1905), who sang it. Olav has shaped the tune in his own way, to suit the playing technique on the langeleik.

10. Rengja, springar

One of the many springar tunes which are ascribed to master fiddler Jørn Hilme (1778–1854) from Ulnes. The rengja tunes were especially difficult tunes to play, with series of fast triplets (ristetak) on the bow. When played on langeleik, the tunes also demand good technique and a steady sense of tempo and rhythm.

11. Rolf Myklebust interviews Olav Snortheim about Kari Braute and a trip to the USA

12. Halling etter Kari Braute

Kari Rudi Braute (1845–1916) was a great langeleik star and went on many tours, including to America. Ragnhild, Olav's mother, learned to play from her and passed the tradition on to her son. Kari is thus one of Olav's most important sources.

13. Olav Snortheim discusses Kari Braute and her langeleik in the USA

14. No må du slå deg leug og mjuk, springar

This version of a widely known springar on langeleik is masterfully performed by Olav.

15. Olav Snortheim discusses Ragnhild Berge and the tune Gamle basen

16. Gamle Basen, lydar slått etter Ragnhild Berge

The legendary Knut Nystuen (b.1804) was manager at the coach station Nystuen. He was extremely fond of folk music, and he especially liked this tune. Barbro Myhre (1893–1978) from Vang also played it.

17. Kanafarten, galopp frå Valdres

18. Olav Snortheim discusses the tune Trollhalling

19. Trollhalling frå Telemark

20. Myllargutens meisterstykke, halling

Myllarguten (Torgeir Augundson) was a central figure in the development of the Hardanger fiddle tradition in Telemark.

21. Olav Snortheim introduces the tune Gufs frå fjellom

22. Gufs frå fjellom, galopp etter Torger Iverstuen

The fiddle player Torger Iverstuen (1880–1974) was from Skåbu in Gudbrandsdalen. He composed more than 150 tunes and songs and received a government stipend for the collection of folk music.

23. Bruremarsj frå Valdres

This tune draws several elements and motifs from the many “bell tunes” which are played on Hardanger fiddle and langeleik in the tradition from Valdres.

24. Olav Snorheim discusses the tune Kjempedansen

25. Kjempedansen, halling etter Ragnhild Viken

Ragnhild Olsdatter Viken (1778–1869) was one of the greatest sources for L. M. Lindeman when he went on trips to collect folk music in Valdres in 1848. He transcribed 11 langeleik tunes after her playing, including the tune “Kjempedansen”. On this recording, Olav plays on an old langeleik which he likely borrowed from Johan J. Halden (1884–1979), Ragnhild's great-grandchild.

26. Olav Snorheim discusses Kari Braute and the tune Langeberglåtten

27. Langeberglåtten, lydarlått etter Kari Braute

The legend about the hulder (an alluring forest creature) who stood on Langeberg above Bagn and lured the congregation and the pastor out of the church is a pearl among langeleik tunes.

28. Velkommen att frå Beitogardo, halling

It is uncertain where Olav learned this distinctive tune. He is the only source for this popular halling tune.

29. Galopp, etter Ola Fystro

Learned from Olav's father, Ola K. Snorheim, or from Ola Fystro.

30. Olav Snorheim discusses the tune Juleskreia

31. **Juleskreia, springar**

This tune depicts Joleskreia, åsgårdsreia, haugafolk, or Immerkølludn (a company of dead spirits who ride through the air, sweeping humans along with them), who return home from the Christmas festivities on 6 January! In this tune, Olav uses all the means he had found to vary and further develop the langeleik: double stops on the melody strings, the fourth as the tonic, and a dazzling playing technique! The recording was first released on NRK's EP series Norsk folkemusikk.

32. **Olav Snorheim discusses the tune Nisselåtten**

33. **Nissedans frå Valdres**

Ola Brenno (1865–1957) supposedly gave this name to the tune which is known as "Låtten den Vonde plistra i kyrkjetårnet". Olav developed it further and made it into a hit! The recording was first released on NRK's EP series Norsk folkemusikk.

NRK recordings with Rolf Myklebust:

19.01.1953: Track 01, 07–09

19.12.1953: Track 30–33

18.06.1959: Track 02–06, 10, 15–16

06.05.1960: Track 11–14

07.01.1963: Track 18–20


12.02.1965: Track 17

28.08.1967: Track 21–23

03.04.1973: Track 24–27

13.11.1973: Track 28–29

Redaktør og produsent: Gunn Sølvi Gausemel, NRK **Lydrestering og mastering:** Terje Hellem, NRK
Opptak: NRKs folkemusikkarkiv **Slåtteval:** Ola Snorheim **Tekst:** Norsk langeleikforum v/Ingar Ranheim og Elisabeth Kværne **Foto:** NRK-arkiv **Grafikar:** Eva Karlsson **Engelsk omsetjing:** Laura Ellestad **Økonomisk støtte:** Norsk kulturråd, Rådet for folkemusikk og folkedans



DETTE FOTO OG FRAMSIDEFOTO: GRETE KOSTER, HAMBURG-VOLKSDORF